

Presidenten har ordet

Ottar Befring er -president i Norges Forsvarsforening



OPPTUR ELLER MAGEPLASK!

Forsvarsbudsjettet er lagt fram og til trass for mange gode formuleringar er eg skuffa over det signal som budsjettet sender ut. Norges Forsvarsforening har tidlegare sagt frå om at flatt budsjett er nedbygging og avvikling av vår forsvarsevne. Budsjettet er flatt!

Vi ventar no på det forsvarspolitiske utvalet. Kjem dei med eit tilsvarande lite ambibøst mål for vårt Forsvar er det grunn til å rope eit kraftig varsku. Vel er 31,5 milliardar kroner mykje pengar, men ser vi det i eit forsvarspolitisk perspektiv er det eit vesentleg nedtrekk. Kan vi håpe på at dette berre er ei tilpassing for å gjennomføre ein opptur? Ein opptur for å vise at vi meiner noko med vår satsing på nordområda, samtidig som vi skal vere ein aktiv medspelar i internasjonale operasjonar!

Norges Forsvarsforening er samde med styresmaktene om viktigheita av å satse på nordområda, og vi støttar aktivt opp om internasjonale operasjonar, men då må vi vere villige til å gi Forsvaret dei midlane som trengs for å gjennomføre politikken i praksis. Forsvaret må vere til stades i nord på ein slik måte at andre som har interesser der ser at vi er i stand til å ta vare på, forvalte og forsvare våre resurssar. Vi har ikkje råd til å skape usikkerheit om vår vilje og evne til å gjennomføre vår nordområdepolitikk. Kystvakta har viktige oppgåver, men dei kan ikkje løyse dei sikkerheitsutfordringane vi ser. Vi må ha operative ubåtar og overflatefartøy i nord, overvåkingsfly og jagarfly i nord,

hærstyrkar av slike dimensjonar at dei kan halde ut, helikopter og transportfly og andre støtteelement. I tillegg må vi ha Heimevern over heile landet. Vår store nabo i aust går ikkje lenger på sparebluss. Russland er ei stormakt og som stormakt satsar dei igjen militært. Vi vil stadig få tydeleg teikn på at dei er i stand til å vise styrke. Mange andre nasjonar har og ambisjonar i nord. Alle følgjer nøye med på korleis vi forvaltar og handhevar vår forvaltning, og vår evne til å bruke makt mot dei som vurderer å ta seg til rette. Eg er ikkje ute etter å peike på fiendar som vil angripe oss, men historia har lært oss at i våre strategiske områder må vi vise styrke for å sikre freden. Norges ambisjonar er nettopp fredeleg utvikling i nord.

Det har vore fleire lekasjar frå forsvarssjefen sine møter med dei tilsette i det siste. Det er lett å kritisere Sverre Diesen, men det generalen gjer er å peike på kva det kostar å ha eit tidsriktig operativt forsvar. Tidlegare har ikkje underskota i løyvingane til Forsvaret blitt skikkeleg synleggjorde. No blir dei verkelege kostnadane lagt på bordet, og vi kan få ein reell debatt om den vidare utviklinga. Fosvarssjef Sverre Diesen bør dirfor få ros når han viser oss kvar skoen trykker:

Det blir stadig løyvd for lite pengar til å halde oppe den forsvarsstrukturen vi har.

Det betyr at Forsvaret må gjennomføre reduksjonar. Reduksjonar som og direkte reduserer Forsvarets evne til å trygge vår framtid.

Det Forsvaret som Stortinget vedtek må følgast opp med nødvendige løyvingar. Debatten framover må difor ikkje reduserast til ja eller nei til nedlegging av basar og militærleirar eller enkelte avdelingar.

Hæren i Norge er for liten. Det er i det heile alt for små landmilitære styrkar tilgjengelege. Signala i forsvarsbudsjettet om styrking av Hæren er såleis på sin plass. Men vi må vere klar over at det er Hæren som dreg det tunge lasset i utanlandsoperasjonane. Heimevernet er og ein ressurs som må utnyttast og utviklast vidare. Ein reduksjon av Heimevernet er difor ikkje eit godt signal til det norske folk. Det spesielle med Heimevernet er at dei er både ein militær og sivil ressurs som er tilgjengeleg heile tida. Vi får veldig mykje beredskap ut av kvar krone som Heimevernet brukar. Det same kan seiast om alle relevante sjø- og luftstridskrefter. Når slike reduksjonar blir debattert i media skuldast det at budsjettet er for lite.

Det norske forsvarsbudsjettet i 1990 utgjorde 3 prosent av BNP. Årets budsjett på 31,5 milliardar er om lag 1,4 prosent av BNP. Norges Forsvarsforening meiner at 2 prosent av BNP må vere eit mål for framtidige løyvingar til Forsvaret. Alternativet er ei sakte nedbygging av vår forsvarsevne. Det rimar dårleg med dei ambisjonane Norge har i nordområda og vår deltaking i internasjonale operasjonar. Meir enn nokon gong treng vi eit engasjement om Forsvaret. Der må vi alle kvar på vår måte delta.

Ottar Befring